

Dato: 05.11 2017

Til Styret i Helse Fonna og brukerutvalget ved Helse Fonna

Psykologtjeneste i Sauda og Suldal

I Sauda og Suldal har vi ikkje fast psykologtjeneste for vaksne, men delt 100% psykologstilling i Suldal og i Sauda for unge opp til 18 år, lite for dei vaksne, og dette får vi tilbakemeldingar på at er eit stort sagn i indre Ryfylke. Då psykologtjenesta vart sentralisert for meir enn ti –tolv år sidan, vart det sagt at Helse Fonna skulle ha «... ansvar for distrikta». Sjølv sagt er vi glade for tilbodet vi har i dag, dei som arbeider på Psykisk helse i kommunen får rettleiing frå psykolog/psykiater kvar månad og nokon får samtaler då, men vi ser og at det for mange av innbyggjarane våre ikkje er tilstrekkeleg.

For eit menneske som slit psykisk, er det ei påkjenning å reise til Haugesund, pluss minus to timar med eigen bil avhengig av kor i kommunen ein bur. OM vedkommande har bil og er i stand til å køyre sjølv. Med offentlig transport eller «sjuketransport» kan det ta både fire og fem timar. . Ein treng ikkje mykje fantasi for å tenkje seg korleis det kjennest for eit menneske i psykisk ubalanse.

Mange kan og grue seg til psykologtime fordi ein då blir konfrontert med kjensler og/eller opplevingar som ein helst vil fortrenge. For mange av oss er det eit ork å reise til Haugesund berre for ei enkel undersøking på sjukehuset.

Det heter i loven at vi skal ha likeverdige tenester i Norge uansett bosted. Dette stemmer ikke med virkligheten, en kan se til kommunene som har nærhet til DPSene, at de har et mye bedre tilbud enn de kommunene som ligger under Helse Fonna i Ryfylke.

Viss en også ser på akuttambulanseteam så stopper faktisk de i Ølen, for de Helse Fonna mener det er for langt inn til indre Ryfylke. Det viser igjen at bor en her, så får en ikke likeverdige tenester som de som sogner nær til Haugesund/Karmøy. Er vi ikke like mykje verd, eller koster de som bor her mer enn resten av befolkningen under Helse Fonna?

Tilbudet til pasienter og brukere er ikke likeverdig. Det har noe å si hvilket sykehus du kommer til, hvilken kommune du bor i, og hvilken diagnose du har.

Bor du i en kommune som ligger langt unna spesialisthelsetjenesten med en dårlig samhandling med kommunen, bør du holde deg unna sykdommer som krever rehabilitering under spesialisthelsetjenesten Skal det være slik en tenker i Helse Fonna?

Dessverre er det ikkje alle som opplever dei små trivelege lokalsamfunna våre som like trygge, gode og inkluderande som vi liker å tru.. Vi har hatt fleire tilfelle av sjølv mord, oftast unge menn, i Ryfylke dei siste åra. Kanskje kunne det ha gått annleis om vi hadde att ein fast psykolog som kom hit regelmessig?

I Suldal har Psykisk helse eit lågterskeltilbod på Bjødnateigen; i Sauda samarbeider kommunen og Mental helse godt, og kommunen bruker Mental helse møteplass 2 ganger i uken.

Med fast psykologteneste ville det truleg vere mykje enklare å få dei som nyttar seg av desse tilboda til en raskare rehabilitering og en betre kvardag.

Med hilsen

Mental helse Sauda

V/ leder Martha Anette Hocking

Mental helse Suldal

V/ leder Anne Berit Skeie